

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/21	Formannskapet	PS	18.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	21/221

## Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

#### Formannskapet - 026/21 - 18.03.2021

##### FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om dialogen med Bergen Turlag for ein avtale om leige av Rongevær kurs- og fritidssenter. Det ser ut for at det kan verta ein avtale over 40 år, og som er fleksibel med tanke på brukar av skular med meir. Avtalen inkluderer at Bergen Turlag får tilgang til kommunal grunn på Baløy, der dei kan ha robåtar og anna tilgjengeleg på landsida. Jobbar for å ha ein avtale klar til handsaming i kommunestyret i april eller mai.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er pålegg om å riva den kommunale kaien som er utrygg, det vil vera bra å fjerna denne og erstatta med ei flytebrygge. Kan også nytta slippen som no er etablert med støtte frå kommunen.

---

Controller Bjarne Sæbø orienterte om at ein no er i gang med å tilpassa lån i låneporteføljen til økonomireglementet som Austrheim kommune har i dag. Dagens renteutgifter vil om lag halverast med overgang til obligasjonslån og sertifikatlån, ei innsparing på 2,5 millionar i året.

---

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om brevet frå Statsforvaltar, der det går fram at Austrheim no er ute av Robek-lista, så snart kommunestyret har godkjent 2020-rekneskapen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) gav ros til organisasjonen for at ein har klart å komma ut av Robek-lista, rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det må tas med at ein har klart dette med veldig lite oppseiingar.

---

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om rekneskap etter januar og februar. Brukar ein del på leige av personell til Nordliheimen, rundt 400.000 i månaden.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at innleige av personell ikkje var brukt før 2020.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er vanskeleg å ikkje leiga inn ekstra, for det kan gje auka press og slitasje på dei andre tilsette om ein er for få.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det hadde vore betre å tilsetta folk i desse stillingane.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein må sjå på alternative løysingar, anten det er faste eller mellombelse tilsettingar. Kunne tilsett fleire sjukepleiarar for det ein no brukar på vikarar.

Odd Harald Dommersnes sa at enkelte dagar er det 20 personar i helse som ikkje kan møta, det er 20 prosent av arbeidsstokken.

Inger Lise Brekke (H) sa at sjukefråvær på sjukeheimar er gjengs problem mange stader, må jobba med dette, ikkje setta alt på Korona.

Odd Harald Dommersnes sa at nærværprosjektet har gitt gode resultat i Kaland barnehage, skal i gang på Kystbarnehagen, og etter kvart også Nordliheimen.

Morten Sognnes (H) sa at det må gjerast noko med dette sjukefråværet. Auka bemanning treng ikkje vera rett løysing.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at vaksinerings først gjev utslag no og framover. I tida som har gått har ein sagt at folk skulle halda seg heime om dei var sjuke, då vert det fråvær.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein ting som vert sett på er å tilsetta eigne vikarar. Ser også på rekrutteringsarbeidet, for å sjå korleis ein kan bli betre på rekruttering og sikra seg rett arbeidskraft.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det ofte har vore behov for å auka potten til løn Nordliheimen.

---

Odd Harald Dommersnes orienterte om fondsmidlar som er ståande. Jobbar med å få i gang det arbeidet det er sett av midlar til.

Ordførar Per Lerøy (Ap) etterlyste kva som skjer med midlane som var sett av til tiltak mot utmarksbrann. Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det kjem ei sak om dette til neste møte, må få sjekka fakta i saka.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein må sjå på tildelingsbrev for dei enkelte postane på avsette fond. Innanfor enkelte felt er det kanskje mogleg å omdisponera til andre føremål, til dømes kan ein del innanfor skule bli disponert til kompetanseheving. For ein del tildelingar ligg det føringar på kva det kan brukast til, då må ein bruka det til dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er saker der ein har søkt om midlar, og ikkje fått bruk alt.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at når det vert sett av midlar så må ein gjennomføra prosjektet og setja to strekar under.

Inger Lise Brekke (H) sa at på vegner av innbyggjarane så kan ein føla seg snytt over at det står midlar som ikkje er brukte, som kunne skapt aktivitet.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det også har skjedd at prosjektet har blitt kjørt og finansiert over drift, og at ein så ikkje har saldert dette mot fond i etterkant. Må bli flinkare til å henta frå fond i etterkant av prosjekt, må rydda i budsjett og rekneskap.

Morten Sognnes (H) sa at dette kan vera midlar som går litt opp og ned, ned tildelingar og bruk. Gjort ein god jobb som har fått oversikt, forventar no at midlane vert brukte.

---

Personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om at det er ute anbod på

banktenester, avtale på 3 år med opsjon på forlenging med 1 år.

---

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om arbeidet innan VA, og kommande investeringar. Det er sagt at ein ikkje skal bruka konsulentar i kommunen, men ønskjer det no. Har søkt etter prosjektleiar VA med høg kompetanse i mellombels stilling, dette lukkast ein ikkje med.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje kan halda fram med dagens situasjon der ein ikkje kjem i gang med investeringar innan VA. Kom i gang med konsulentar. Viste til andre kommunar ikkje får tak i prosjektleiar med denne kompetansen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta at ein hentar inn konsulent for å komma i gang. På Leikvoll kan ein tena på å få med fleire abonnentar.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein heldt stillingar som er vakante, vakante fram til ny rådmann er på plass.

Morten Sognnes (H) sa at teknisk skal levera ei vare til innbyggjarane, må sikra at ein har bemanninga på plass der.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein må henta inn konsulenthjelp for å følgja opp dei prosjekta som er vedtekne for skulane.

---

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om at "Planprogram for Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland" no er ute på offentleg ettersyn, og ein kan komma med innspel til arealbruk for sjøområda.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

### **FS vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

### **Saksopplysninger:**